

Aukra kommune

Planomtale	
Plannamn	Reguleringsplan Hollingsetervegen
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201902
Saksnummer i arkiv:	2019/88
Datert:	14.05.2019
Sist revidert:	
Vedtak:	Vedteken i Kommunestyret den xx.xx.xxxx, sak xx/xx



Innhald

1 Innleiing	4
1.1 Føremålet med planarbeidet	4
1.2 Om forslagsstillar	4
2 Tilhøvet til andre planar	4
2.1 Kommuneplan	4
2.2 Reguleringsplanar	5
2.3 Andre dokument av betydning for planarbeidet. Feil! Bokmerke er ikkje definert.	
3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve	6
3.1 Beliggenheit..... Feil! Bokmerke er ikkje definert.	
3.2 Planområdets avgrensing og storleik	6
3.3 Topografi	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
3.4 Dagens arealbruk	6
3.5 Kulturminne	7
3.6 Naturverdiar etter NML	7
3.7 Vegetasjon..... Feil! Bokmerke er ikkje definert.	
3.8 Trafikktilhøve.....	7
3.9 Kollektivtrafikk	8
3.10 Grunntilhøve	8
3.11 Friluftsliv	9
4 Omtale av planforslaget	10
4.1 Planlagt arealbruk	10
4.2 Reguleringsføre mål	10

5 Konsekvensar av planforslaget	11
5.1 Konsekvensutgreiing, overordna planer	11
5.2 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)	12
5.3 Vegetasjon	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
5.4 Kulturminne	12
5.5 Barn- og unge sine interesser	12
5.6 Universell utforming	12
5.7 Støy	12
5.8 Friluftsliv	12
5.9 Teknisk infrastruktur	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
5.10 Risiko og Sårbarheit (ROS)	13
5.11 Elver og vassdrag	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
6 Planprosessen	13
6.3 Planprosess	13
Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)	14

1 Innleiing

1.1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande kommunal veg, leggje til rette for eit framtidig fortau, samt å leggje til rette for nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2.


1.2 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved eining for tekniske tenester er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

2 Tilhøvet til andre planar

2.1 Kommuneplan

I kommuneplanen sin arealdel, vedteken 07.02.2017, er planområdet avsett til «boligbebyggelse – nåværende» og «LNF» (landbruks-, natur- og friluftsføremål), jf. figur 1:



Figur 1: Utsnitt av gjeldande kommuneplan sin arealdel, planområdet er vist med svart, stipla strek.

2.2 Reguleringsplanar

Ein mindre del av planområdet lengst i nord kjem innanfor eit areal avsett til «annen veggrunn - grøntareal» i reguleringsplan for Hollingen B16 og B16b – mindre planendring 03 (vedteken 30.05.2012, planid 1547201204), jf. figur 2.

Dei delane av gjeldande reguleringsplanar som ligg innanfor planavgrensinga til reguleringsplan for Hollingsetervegen vil verte oppheva i medhald av plan- og bygningslova (PBL 2008) § 12-14.



Figur 2: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan Hollingen B16 og B16b – mindre endring 03.


2.4 Andre planar av betydning for planarbeidet

Sakshandsamar er ikkje kjent med at det er andre planar i området som kan ha betydning for planarbeidet.

3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg langs Hollingsetervegen, vest for Julsundet skule i Aukra kommune, jf. figur 3 og 4:



Figur 3: Lokalisering av planområdet i Julsundet

Figur 4: Reguleringsplanen si avgrensing.

3.2 Planområdets avgrensing og storleik

Planområdet er avgrensa av kryss mellom Hollingsetervegen og fylkesveg 662 i nord, bygge og deleforbudssone i sør, eksisterande bustader, samt noko skog og dyrkamark i aust, og hovudsakleg dyrkamark i vest. Storleiken på planområdet er om lag 11,5 daa.

3.3 Dagens arealbruk

Dagens arealbruk består av eksisterande kommunal veg, eksisterande bustader, samt dyrka jord og noko skogareal. Dei eksisterande bustadane ligg hovudsakleg spredt langs vegen, med to litt meir konsentrerte felt i nord-aust og sentralt i planområdet. Dyrkamarka vert hovudsakleg nytta til grasproduksjon og beite (sau).

3.4 Kulturminne

Sakshandsamar har nytta Riksantikvaren si teneste Askeladden for å undersøke om planområdet inneheld kulturminne, men har ikkje funne nokre registreringar. Planområdet inneheld eksisterande veg, og sideareala består for det meste av produktiv landbruksjord, og det er derfor lite truleg at planområdet inneheld automatisk freda kulturminne.

3.5 Naturverdiar etter NML

Sakshandsamar har nytta Miljødirektoratet sine tenester naturbase og artsdatabanken for å undersøke om planområdet inneheld naturverdiar etter naturmangfaldlova, og fylgjande opplysningar er registrerte:

1) Sentralt i planområdet er det registrert ein naturtype (slåttemark) med verdien viktig. Arealet er om lag 2 daa stort og ligg rett vest for eit område som i dag vert nytta som tilkomstveg til eksisterande bustad på eigedom 16/2 (Hollingsetervegen 46), vist på plankartet med føremål SKV2. I planforslaget er det føreslege å leggje til rette for ny tilkomstveg til denne eigedomen, med føresetnad at eksisterande tilkomstveg då blir stengt for biltrafikk.

Planforslaget vil ikkje medføre negative konsekvensar for den registrerte naturtypen.

2) Heile planområdet er registrert som beiteområde for rådyr, og det er derfor truleg at dyra kryssar vegen for å kome til dei enkelte områda.

Hollingsetervegen har i dag fartsgrense 30 km/t, og viltpåkøyrslar har ikkje vore eit problem. I samband med planforslaget får Hollingsetervegen betre vegstandard, og det vert i tillegg lagt til rette for at det kan etablerast fartsdempande tiltak langs delar av vegen der det vert sett på som naudsynt. Planforslaget vil ikkje medføre negative konsekvensar for vilt i området.

Kunnskapskravet i § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt ved at ein har nytta tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken. Dei øvrege paragrafane kjem ikkje til anvending.

3.6 Trafikktilhøve

Sakshandsamar har nytta Statens vegvesen si tenest vegkart for å finne informasjon om trafikktilhøva.

Tilkomsten til planområdet skjer over fylkesveg 662. Fylkesveg 662 forbi planområdet har fartsgrense 80 km/t, med ÅDT på 2410 (7 % andel lange køyretøy).


Hollingsetervegen er ein kommunal veg med fartsgrense på 30 km/t. Det føreligg ikkje trafikkmålingar for kommunale vegar, og ÅDT er derfor ikkje kjent.

3.7 Kollektivtrafikk

Bussrute 531, Molde Hollingsholm-Malmeskiftet, går langs fylkesveg 662 aust for planområdet. Nærmaste busstopp er ved Vollskaret sør-aust i planområdet, og nord for krysset ved Ingeborgs veg om lag 160 meter nord for planområdet.


3.8 Grunntilhøve (lausmasser, berggrunn)

Berggrunnskart N50 frå NGU viser at planområdet består av to hovudgrupper av bergartar, jf. figur 4. På området med rosa farge er det øyegneis og gneisgranitt som er dei dominerande bergartane. på området med raudbrun farge er det eklogitt, eklogitt-amfibolitt og amfibolitt som er dei dominerande bergartane.



Figur 4: Utsnitt frå bergartskart N50 (kjelde NGU/GISLINK).

Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av hav-, fjord- og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen (lys blå farge), marin strandavsetning, samanhengande dekke (mørk blå farge) og bart fjell (rosa farge), jf. figur 5.




Figur 5: Utsnitt frå lausmassekart (kjelde NGU/GISLINK).

3.9 Friluftsliv

Sjølve planområdet er lite nytta til friluftsføremål, men det er gode høve for turar i nærområdet, mellom anna til Fangholsetra sør-aust for planområdet og Hundetjønna nord-aust for planområdet. Hollingsbukta om lag 400 meter vest for planområdet er en av dei mest nytta bade plassane i Julsundet.

3.10 Landbruk

Arealressurskart frå NIBIO viser at planområdet består av ein del dyrkamark (fulldyrka vist med orange farge, innmarksbeite vist med lys gul farge) og skog (grøn farge), jf. figur 6. Dyrkamarka vert hovudsakleg nytta til grasproduksjon og beite (sau).



Figur 6: Utsnitt frå arealressurskart, AR5, (kjelde NIBIO/GISLINK).

3.11 Forureining

Sakshandsamar har nytta Miljødirektoratet si teneste grunnforureining for å undersøke om planområdet inneheld forureining i grunnen, men har ikkje funne nokre registreringar. Det er heller ikkje transport av farleg godt langs planområdet. Trafikken langs vegen er i hovudsak begrensa til personbiltrafikk, og det kan ikkje utelukkast at eventuell forureining kan oppstå som følgje av utilsikta hendingar i samband med bilulykker eller liknande.

4 Omtale av planforslaget

4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er utbetring av eksisterande kommunalveg inkludert etablering av gatelys, å leggje til rette for eit framtidig fortau, samt å leggje til rette for nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2.

4.2 Reguleringsføremål

§ 4.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Veg (O_SV)
- Køyreveg (SKV1)
- Køyreveg (SKV2)
- Fortau (O_SF)
- Annan veggrunn (O_SAV)

§ 4.2.2 Omsynssoner

- Frisiktsone (H140)

§ 4.2.3 Rekkjefølgjekrav

- SKV1
- SKV2

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Behov for konsekvensutgreiing

Alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast, jf. plan og bygningslova § 4-2, andre avsnitt. Merk også at krav om konsekvensutgreiing gjeld for reguleringsplanar som avvik vesentleg frå gjeldande kommuneplan, jf. plan og bygningslova § 12-3, tredje avsnitt.

Hovudføremålet med planforslaget er å utbetre den eksisterande kommunevegen, samt å leggje til rette for eitt framtidig fortau. For å kunne oppnå tilstrekkeleg breidde på ny veg og fortau må det ervervast grunn som hovudsakleg består av produktivt landbruksareal, jf. punkt 3.12. I gjeldande kommuneplan sin arealdel er desse areala avsett til LNF og bustadføremål, jf. punkt 2.1.

Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar har vurdert planforslaget opp mot forskrift om konsekvensutredningar § 6, vedlegg 1, § 7, vedlegg 2, samt §§ 8 og 10 men har ikkje funne at dei nye tiltaka som er føreslege innanfor planområdet er av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing.

Sakshandsamar vurderer heller ikkje at planforslaget avviker vesentleg frå kommuneplanen sin arealdel.

5.2 Naturverdiar etter naturmangfaldlova (NML)

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for den registrerte naturtypen slåttemark, eller for vilt innanfor planområdet, jf. punkt 3.5.

5.3 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for kulturminne innanfor planområdet, jf. punkt 3.4.

Det er nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.4 at dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i fylkeskommunen kontaktast.

5.4 Barn- og unge sine interesser

Planforslaget ivaretek barn og unge sine interesser ved at det vert lagt til rette for at det kan etablerast fortau langs Hollingsetervegen for å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar. I tillegg har barn og unge sin representant i plansaker fått framlagt planforslaget og gitt høve til å kome med uttale i samband med melding om oppstart og offentleg høyring.

5.5 Universell utforming

Det er nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.3 at prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m.

5.6 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/16 leggast til grunn, dette er og nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.5.

Støy innanfor planområdet i dag er hovudsaklig knytta til biltrafikk og landbruksverksemd, og må kunne sjåast på som påregneleg. I samband med utbygging vil det periodevis verte noko ekstra støy frå anleggstrafikk og sprengingsarbeid.

Kommunen har henta inn konsulentbistand til å utarbeide støyvurdering i samband med reguleringsplanen, og eventuelle tiltak vil verte innarbeidd i plankart og føresegner innan saken vert lagt fram for eigengodkjenning.

5.7 Friluftsliv

Det er gode moglegheiter for friluftsliv i nærområdet, og planforslaget bidreg til å lette tilkomsten til desse områda gjennom at det vert lagt til rette for at det kan etablerast gang og sykkelveg innanfor planområdet.

5.8 Landbruk

I samband med reguleringsplanen vil det gå tapt noko produktivt landbruksareal. Kommuna har utarbeidd kart som viser potensielt areal som kan gå tapt på kvar enkelt eigedom innanfor planområdet, til bruk i informasjonsmøte med grunneigarar, og til mogleg seinare grunnkjøp.

5.9 Forureining

Det er ikkje registrert forureining innanfor planområdet, og planforslaget legg ikkje opp til at det vert etablert tiltak som i seg sjølv kan utgjere fare for forureining. Det er heller ikkje transport av farleg godt langs planområdet. Trafikken langs vegen er i hovudsak begrensa til personbiltrafikk, og eventuell forureining kan oppstå som følgje av utilsikta hendingar i samband med bilulykker eller liknande.

5.10 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan og bygningslova § 4-3. Det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (vedlegg 1). Ved gjennomgang av sjekklista er det ikkje avdekket tilhøve som vil krevje nærmare omtale eller særskilte tiltak.

6 Planprosessen

6.3 Planprosess

Melding om oppstart av planarbeidet	05.02.2019
Merknadsfrist etter melding om oppstart	11.03.2019
Vedtak om utlegging til offentlig høyring	
Høyring i perioda	
Vedtak i kommunestyret	
Klagefrist etter endelig vedtak	

Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	i	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det terrengformasjonar som utgjir spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskøyretøy?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst institusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Sjekklista er gjennomgått den 05/24/ 2019 av *sign*: Svein Rune Notøy